Seljord kommune

Arkiv: 033
Saksnr.: 2019/560-10
Sakshand.: Lillian Olsen Opedal
Direkte tlf.:
Dato: 25.11.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		12.12.2019

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2020 - 2023, val av medlemmar

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Kommuneloven
2 Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom
3 Forslag til kandidater 2019
4 SAFO TVB Seljord kommune 2019

Saksutgreiing:

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar § 5-12 skal kommunestyret sjølv velje eit eldreråd, eit råd for personar med funksjonsnedsetting og eit ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom.

Råda er rådgjevande organ for kommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjeld anten eldre, personar med funksjonsnedsetting eller ungdom.

Frå og med konstituerande møte i kommunestyret for valperiode 2019-2023 gjeld ny forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personar med nedsett funksjonsevne og ungdom. I § 2 står det at kommunestyret skal etablere rutinar som sikrar at råda får saker på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga at uttale frå råda kan påverke utfallet av saka. Råda skal ikkje handsame saker som gjeld avgjersle knytt til enkeltpersonar.

Jf. § 3. i forskrifta er det kommunestyret som avgjer kven som skal vere i råda, og kor mange medlemmer råda skal ha. I perioden 2015 – 2019 har det vore 5 medlemmar i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Organisasjonar som representera dei ulke målgruppene; eldre, personar med nedsett funksjonsevne og ungdom har rett til å fremme forslag om medlemmar til dei aktuelle råda. Det er kome inn forslag til medlemmar i Råd for menneske med nedsett funksjonseven frå Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

(FFO) og Samarbeidsforum av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO). For informasjon om kandidatar, sjå vedlegg i saka.

Råda vel sjølv sin leiar og nestleiar blant medlemmane.

Valet gjeld for kommunestyreperioden 2020 – 2023.

Rådmannen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Utskrift til: